

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3 Fylke: Oppland  
 Tilleggsspørsmålnr. Herad: Skjåk  
 Emne: Brynet Bygdelag:  
 Oppskr. av: Edoara Grinestad Gard: Grinestad  
 (adresse): Lillehammer G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Både - og -.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Det som dei kvaesser gjå, skjero, øks og andre store eggjonn med, heiter bryne.  
 Hein er eit finare slag, som nyttast til mindre og finare ting, som kniv, høveltann o.l.  
 Arbeidet med å bruke anten bryne eller hein, kalledes a kvetja.
2. Inntil rundt 30 år s.i.a, var det naturstein.  
 Det fins brynstein i bygda, ved Kjøpgravi nord for Grotli. Men dei aller fleste bryne kom frå Skarvungen i Vågå, skarvungsbryne. Det var folk frå der som for rundt og selde bryne. I Skjåk er det ikkje kjent at nokon gjorde seg naring av å selja.
3. Alle store egg-jonn vart fyrst slipa på slipestein, når dei var mogkje skjende. Var det berre lite om å gjera med egg, greidde det seg mid bryne. Påhåkniv, friskjerarjonn o.l. vart ikkje slipa på slipestein.
4. Bestefar min, f. 1821, fortalde at for hadde dei gjåar dei kalla bynninggjåar, som ikkje vart slipa på rund stein, men banka ut. Truleg var skikken gått av bruk for hans tid, så han berre hadde høyrte om det.  
 Det fins att namn som tyder på at dei



hadde med seg særskilte stunar å kvelja  
 Ljåen på i slåtten, t.d. Kvatekeinsletti.  
 5. Like stunar er ukjende for meg.

På seterkasar kunne det nok hende at dei  
 hadde med seg slipesteinen i slått-teigen.  
 Det var helst ein liten, utbrakt slipstein  
 som hadde vore brukar<sup>heime</sup> på garden før. Han var  
 lett å frakte med seg:

6. Ein flink slåttkar kvingde ikkje slipe  
 ofte. Det gjorde så mykje korleis lendet og  
 graset var. Hadde han gode bryne, slo han  
 heile dagen utan å slipe.

7. Til Ljå er berre stein-bryne kjent. Men  
 det kunne vera fleire slag, grove og fine.  
 Ein kunne då fyrst kvelja med det grove og  
 så gjera fin-egg med eit finare. Fekkje alle  
 Ljåar ville ha same slag bryne. Det skilde  
 seg mykje korleis Ljå-eggi var, hard eller  
 mindre hard. — Til finare egg-jonn, råkni-  
 kniv o.a. har eg sett at trestikker har vore  
 nytta. I ungdom har det vore pålagt bly-remmer eller  
 lar, eller trestikke var påsmurt olje.

8. Ljåen sit på orvet når ein slipar.

9. Ljå på vanleg orv held ein under vinstre  
 armen med nebben utover frå seg - når ein  
 kaet. Undersida av Ljåen vender då mot høgrehanda  
 som føyer brynet, og det er så vanleg å ta  
 to drag med brynet på slipsia, oppsida på  
 Ljåen, og eit drag på ned-sida. På den måten  
 kleri dei viss takt i kveljingi.

10. Koppem som bryni er i, heiter brynkakk eller  
 kootkakk. Han var av tre med eit opplyende  
 handtak på eine sida (ein hakk). Kootkakk  
 var helst nytta når det var fleire slåttkasar



samar. Var det berre ein, gjekk han  
gjorne med ein brynstakk, som var festa  
i beltet (eller bakselinningi.)

11. Ukjent.

12. Brynstakken, som var svara av eit stykke  
tre, med jönnhalk övst ved kanten, og krok  
til å henge etter, var helet festa i beltet  
eller bakselinningi midt bak. Det var nok dei  
som henge han ved sia med.

13. Alle bryne av naturstein vart vatte når dei  
hvatte. Det er somme kunststein bryne som  
bli vatte, men ikkje alle.

14. Brynsand kallar ein det mjölet som bli  
ved kaeljing.

15. Ikkje kjent.

16. ---

17. ---

18. ---

19. ---

20. ---

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING  
adr. NORSK FOLKEMUSEUM  
BYGDØY

503